



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Dirk Kohlmann, 55 57 21 71

Vår dato  
17.11.2016  
Dykkar dato  
04.11.2016

Vår referanse  
2016/14368 512.1  
Dykkar referanse

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### **Løyving - kommunemidlar til prosjektet "Nordhordland IPT" - prosjektansvarleg Lindås kommune**

Vi viser til søknad dagsett 4.11.16 om støtte til dette prosjektet. Saka er handssama etter supplerande tildelingsbrev 2016 til fylkesmannen frå Landbruks- og matdepartementet (LMD 15/1720) dagsett 08.02.16, og etter føringar i Regional næringsstrategi for landbruket i Hordaland 2013-17.

#### **Vedtak**

*Landbruksdirektøren i Hordaland løyver kr. 60.000,- til medfinansiering av prosjektet «Inn på tunet Nordhordland». Løyvinga er avgrensa til 75 % av totalt budsjett kr 80.000,-.*

#### **Vilkår**

- prosjektet vert fullfinansiert og gjennomført
- eventuelle endringar i prosjektplan skal søkast skriftleg til FMLA

#### **Utgreiing**

Lindås kommune tek på vegne av alle Nordhordlandskommunar initiativ til dette 2-årige prosjektet som set seg som mål å etablere eit fellesskap for alle med interesse for Inn på tunet (IPT) i regionen og slik auke økonomisk verdiskaping i etablerte og potensielle nye IPT-verksemdar. Prosjekteigar vil arrangere 4 samlingar pr. år og ein årleg studietur.

Vi er generelt positive til at Lindås kommune ynskjer å satse på Inn på tunet i regionen, men spesielt godt nøgd med at Inn på tunet-prosjektet omfattar heile Nordhordlandsregionen. Dette er eit viktig løft for ei nasjonalt høgt prioritert satsing. Vi håper at samlingane og studieturen bidreg til å styrke eksisterande gardstilbod og aukar interessa hjå potensielle nye aktørar. Ikkje minst vert det avgjerande at kommunane som innkjøparar av slike tilbod vert godt involvert i arbeidet.

Vi ynskjer Lindås kommune og samarbeidspartnarane lukke til med prosjektarbeidet.

**Utbetaling**

Midlane vert overført kommunen i samband med løyvinga, men kan verte trekt inn eller avkorta dersom sluttrapporteringa viser at arbeidet ikkje er gjennomført etter oppsett prosjektplan. Reduserte kostnader i høve til budsjett vil vanlegvis føre til tilsvarande reduksjon i tilskotsutbetaling.

Midlane vert overført til Lindås kommune sin konto 3201 05 89311.

Prosjektet må vere ferdigstilt og rapportert FMLA Hordaland innan 1.05.2019.

Dette vedtaket kan klagast på til Landbruksdirektoratet, ein eventuell klage sendast til Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga. Klaga bør vere grunngjeven, jf. § 32 i Forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok denne meldinga.

Med helsing

Åse Vaag  
landbruksdirektør

Dirk Kohlmann  
ass. landbruksdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*